

**KONTROLLUTVALET I
GISKE KOMMUNE**

MØTEBOK

Møtedato: 13. desember 2007
Møtestad: Giske rådhus

Møtet vart leia av Dag Oksnes

Elles til stades:

Anne Lise Hessen Følsvik
Petra Riste Synnes, og Ove Paulsen

= 4 voterande

Meldt forfall:
Gunnar Morsund

Varamedlem var innkalla, men møtte ikkje.

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte:
Dagleg leiar Harald Rogne

Frå kommunerevisjonen møtte:
Dagleg leiar Kjetil Bjørnsen og revisjonsrådgjevar Svein Ove Otterlei

Det var ingen merknader til innkalling eller sakliste.

**Sak 18/07
GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 6. NOVEMBER 2007**

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Møtebok frå kontrollutvalet sitt møte 6. november 2007 blir godkjent.

**SAK 19/07
ORIENTERING OM TILSYNS- OG KONTROLLORGANA I KOMMUNANE
(KONTROLLUTVAL OG KOMMUNEREVISJON)**

Orientering gitt av kontrollutvalsekretariatet og kommunerevisjonen.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek orienteringane til vitande.

SAK 20/07

ORIENTERING OM OPPLEGGET FOR REVISJON AV GISKE KOMMUNE

Orientering gitt av kommunerevisjonen.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek orienteringa til vitande

SAK 21/07

DRØFTING AV FORVALTNINGSREVISJON OG SELSKAPSKONTROLL I GISKE KOMMUNE.

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet.

Av saksdokumenta og drøftinga i møtet kom det klart til fram at med kommunen sitt beskjedne engasjement i selskap, ville selskapskontrollen måtte tilpassast dette og tonast ned. Det vart likevel presisert at ein gjennomgang av møtebøkene til ÅRU burde gjerast. Når det galdt forvaltningsrevisjon, vart det stilt spørsmål omkring status for bestilte prosjekta.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Selskapskontrollen i Giske kommune blir avgrensa til ein gjennomgang av møtebøkene til ÅRU. Forvaltningsrevisjon blir å kome tilbake til.

SAK 22/07

VAR – OMRÅDET I GISKE KOMMUNE

Det var ikkje motteke nye dokument frå Giske kommune vedkomande saka.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Saka blir å utsette til neste møte.

SAK 23/07

BUDSJETTOPPFØLGJING - INVESTERINGSBUDSJETTET

Saka vart behandla under "eventuelt." Det vart vist til dokumenta i kommunestyresak 142/07 og 143/07 om oppfølging av budsjettendringar i investeringsbudsjettet.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet ber om kvalitetssikring i arbeidet med budsjettoppfølginga.

Dag Oksnes
leiar
(sign.)

Anne Lise Hessen Følsvik
medlem
(sign.)

Petra Riste Synnes
medlem
(sign.)

Ove Paulsen
medlem
(sign.)